

## Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 17.02.2021

**Åsmund Berthelsen, SV**, sette fram slikt tilleggsforslag på vegne av SV, A, SP, KrF og MDG:

«Hovudutvalet ber fylkesutvalet vurdere å ta inn denne merknaden til Tariffnotat 2021: Fylkesutvalet vil i tillegg rette spesielt merksemd mot dei yrkesgrupper som innan offentleg sektor har stått i frontlinja under koronakrisa, og at det er tid for å påskjønne denne innsatsen for å halde på kompetanse og kritisk viktig arbeidskraft. Fylkesutvalet merkar seg at oppgjøret for offentleg sektor for 2020 fulgte tilrådd prosentvis lønnsvekst frå Teknisk Berekningsutval på 1,7%, så viser tala no at privat sektor kom ut med ei høgare lønnsvekst enn offentleg sektor. I ei tid der mange innan offentleg sektor har ofra mykje og vore spesielt fleksible for å stille opp for landet og arbeidsgivar i ein krisesituasjon, så er det avgjerande at dette også gjer seg utslag i lønnsveksten.»

**Aleksander Fosse Andersen, SP**, sette fram slikt forslag på vegner av SP, A, KrF, SV og MDG:

- «1. Hovudutval for opplæring og kompetanse tek saka til vitande.
2. Hovudutvalet ber fylkesutvalet ta med fylgjande innspel:
  - a. Nytt avsnitt under «Ungt utanforskap» - svar spørsmål 4:

Ungdomar mellom 16 og 21 år med rett til vidaregåande opplæring som har takka nei til offentleg skuletilbod, har eit venteår, ikkje har søkt eller fått skule- eller læreplass eller har avbrote vidaregåande opplæring vert følgde opp av oppfølgingstenesta (OT). OT er ein del av rettleiingstenesta i Vestland fylkeskommune og arbeider for å gi ungdomar i målgruppa tilbod om opplæring, arbeid eller anna sysselsetting. Ved utgangen av 2020 var det i overkant av 1200 OT-ungdomar i Vestland. Vestland fylkeskommune har utarbeidd tiltak spesielt retta mot denne målgruppa. Døme på slike tiltak er produksjonsskule, SEFF - Florø og studiesenter ved Årstad vidaregåande skule. Fylkeskommunen støttar i tillegg tilbakeføringstiltak i regi av private aktørar, som til dømes PitStop.
  - b. Nytt avsnitt under «Ungt utanforskap» - svar spørsmål 5  
Det er trong for tverrsektorielt samarbeid for å hindre ungt utanforskap. For å sikre god inkludering av ungdomar er det viktig med tett samarbeid mellom skule, arbeidslivet, og helsetenestene. Det er òg viktig at lokale, regionale og statlege aktørar samhandlar om førbyggings- og tilbakeføringstiltak. Fylkeskommunen har ei viktig koordinerande rolle, men det er òg naudsynt med statleg medfinansiering av regionale tilbakeføringstiltak jfr. siste avsnitt under svar på spm. 4.»

### Avrøysting

Fosse Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Berthelsen sitt tilleggsforslag fekk 11 røyster og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 4 røyster ( 3 Høyre og FrP). Fylkesrådmannen sitt forslag vart ikkje røysta over.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse tek saka til vitande.
2. Hovudutvalet ber fylkesutvalet ta med fylgjande innspel:
  - a. Nytt avsnitt under «Ungt utanforskap» - svar spørsmål 4:

Ungdomar mellom 16 og 21 år med rett til vidaregåande opplæring som har takka nei til offentleg skuletilbod, har eit venteår, ikkje har søkt eller fått skule- eller læreplass eller har avbrote vidaregåande opplæring vert følgde opp av oppfølgingstenesta (OT). OT er ein del av rettleiingstenesta i Vestland fylkeskommune og arbeider for å gi ungdomar i målgruppa tilbod om

opplæring, arbeid eller anna sysselsetting. Ved utgangen av 2020 var det i overkant av 1200 OT-ungdomar i Vestland. Vestland fylkeskommune har utarbeidd tiltak spesielt retta mot denne målgruppa. Døme på slike tiltak er produksjonsskule, SEFF - Florø og studiesenter ved Årstad vidaregåande skule. Fylkeskommunen støttar i tillegg tilbakeføringstiltak i regi av private aktørar, som til dømes PitStop.

b. Nytt avsnitt under «Ungt utanforskap» - svar spørsmål 5

Det er trong for tverrsektorielt samarbeid for å hindre ungt utanforskap. For å sikre god inkludering av ungdomar er det viktig med tett samarbeid mellom skule, arbeidslivet, og helsetenestene. Det er òg viktig at lokale, regionale og statlege aktørar samhandlar om førbyggings- og tilbakeføringstiltak. Fylkeskommunen har ei viktig koordinerande rolle, men det er òg naudsynt med statleg medfinansiering av regionale tilbakeføringstiltak jfr. siste avsnitt under svar på spm. 4.

3. Hovudutvalet ber fylkesutvalet vurdere å ta inn denne merknaden til Tariffnotat 2021:

Fylkesutvalet vil i tillegg rette spesielt merksemd mot dei yrkesgruppar som innan offentleg sektor har stått i frontlinja under koronakrisa, og at det er tid for å påskjøne denne innsatsen for å halde på kompetanse og kritisk viktig arbeidskraft.

Fylkesutvalet merkar seg at oppgjøret for offentleg sektor for 2020 fulgte tilrådd prosentvis lønnsvekst frå Teknisk Berekningsutval på 1,7%, så viser tala no at privat sektor kom ut med ei høgare lønnsvekst enn offentleg sektor. I ei tid der mange innan offentleg sektor har ofra mykje og vore spesielt fleksible for å stille opp for landet og arbeidsgivar i ein krisesituasjon, så er det avgjerande at dette også gjer seg utslag i lønnsveksten.